

Vedlegg 1 Statusrapport for Museumsplanen 2012-2015

Handlingsprogrammet er eit verktøy for å nå måla i *Regional plan for museum 2011-2015. Musea i samfunnet*. Året 2015 var det siste året handlingsprogrammet vart utarbeida etter museumsplanen. For 2016 og frametter er museumsplanen ført vidare i *Premiss: Kultur Regional plan for kultur 2015-2025*. Regional plan skal leggjast til grunn for kommunal, fylkeskommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen. Den regionale museumspolitikken har som hovudmål at musea skal vere profilerte samfunnsinstitusjonar. Dei skal ta del i samfunnsdebatten. Ein føresetnad er styrking av hovudarbeidsområda forvaltning, forskning, formidling og fornying. Fire tema er prioriterte i perioden: Kystkultur, industri, kunst og immateriell kulturarv.

Hovudtrekka i museumsplanen er i tråd med statleg museumspolitikk, men er utforma på ein måte som skal gi forankring i regionale tilhøve og at fylkeskommunen i sterkare grad nyttar musea som tydelegare partnerar i den regionale utviklinga. Museumsplanen hadde til saman 46 tiltak fordelt. Ni av tiltaka har status som prioriterte tiltak. Dette er:

Tiltak 1: Finansiering – drift og investeringar

Tiltak 5: Styrking av regionale ansvarsmuseum

Tiltak 8: Styrking av tematiske ansvarsmuseum

Tiltak 14: Utvikling av kulturminnevern, bygningsvern og fartøyvern

Tiltak 20: Etablering av senter for industriarkiv og industrihistorie i Odda

Tiltak 32: Felles plan for samlingsforvaltning

Tiltak 34: Forskingssamarbeid mellom Universitetet i Bergen og dei konsoliderte musea

Tiltak 36: Etablering av hardingfelesenter

Tiltak 42: Musea i samfunnsdebatten

Måloppnåing

I åra 2012-2015 er det løyvd til saman 10,1 mill. kr til å følgje opp museumsplanen. I utgangspunktet hadde planen 46 tiltak. Desse vart redusert til 36 i handlingsprogrammet for 2014 (Fylkestinget PS 6/2014).

Meir enn 80 prosent av løyvinga er gått til dei prioriterte tiltaka. Løyving til tiltak 14 Utvikling av kulturminnevern, bygningsvern og fartøyvern kjem i tillegg til museumsplanmidlane og er knytt til budsjettposten *museumssamarbeid med kommunane*.

Tabellen under viser fordeling av museumsplanmidlar på prioriterte tiltak:

Prioriterte tiltak	Grunngjeving	Løyving	Om løyvinga
<i>Tiltak 1 Finansiering - drift og investeringar</i>	Musea har store utfordringar med omsyn til drifts- og investeringsmidlar	3 800 000 kr.	Sikringstiltak (klima, tjuveri og brann), 984 325 kr Utstillingar 2 150 000 mill. kr Inventar/bygg 465 675 kr. Kartlegging av investeringsbehov «Museumsløft» 200 000 kr
<i>Tiltak 5 Styrking av regionale ansvarsmuseum</i>	Fem av dei ni konsoliderte musea har status som regionale ansvarsmuseum. Dette inneber mellom anna rådgjevingsrolle i høve kommunar og frivillige	675 000 kr	200 000 kr til dokumentasjon av maritim industrihistorie i Sunnhordland 475 000 kr til prosessar knytt kommunar og frivillige (mellom anna Stord maritime museum, Dagestadmuseet, Bjørn West-museet, Espeland fangeleir, Littlabø gruver)
<i>Tiltak 8 Styrking av tematisk ansvarsmuseum</i>	Tre av dei konsoliderte musea har status som tematisk ansvarsmuseum	500 000 kr	Dei tre musea Norsk Vasskraft- og Industriadmuseum, Baroniet Rosendal og KODE - Kunstmuseene i Bergen har fått midlar til utgreiing av rolla som tematisk ansvarsmuseum
<i>Tiltak 32 Felles plan for samlingsforvaltning</i>	Samlingane er basis for musea si verksemd. Det er viktig å skaffe oversikt og koordinere innhald og omfang	850 000 kr 1 650 000 kr	Utgreiing om felles samlingsforvaltingsplan. Løyvinga omfatter også kartlegging av samlingar i Nordhordland og arbeidet med nytt fellesmagasin Thermo Lignum-kammer
<i>Tiltak 34 Forskingssamarbeid mellom Universitetet i Bergen og dei konsoliderte musea</i>	Forsking er ei av hovudoppgåvene til musea. Ein må styrkje samarbeidet med universitet og høgskular	50 000 kr	Planlegging og gjennomføring av workshop om temaet våren 2014 med musea og representantar frå Universitetet i Bergen
<i>Tiltak 42 Musea i samfunnsdebatten</i>	Musea skal verte synlege samfunnsaktørar	250 000 kr	Satsing på offentlege tenester og formidlingstiltak der folk er. Bymuseet og Bergens Sjøfartsmuseum har fått løyvingar til dette tiltaket
<i>Tiltak 20 Etablering av industriarkiv og industrihistorie i Odda</i>		100 000 kr	Til etablering av senteret
<i>Tiltak 36 Etablering av Hardingfelesenter</i>		300 000 kr	Til hovudprosjektet
Til saman til dei prioriterte tiltaka (av totalt 10,1 mill. kr)		8 175 000 kr	

Til tema som har særleg fokus i planen – kystkultur, industri, kunst og immateriell kulturarv er det følgjande løyvingar:

Kystkultur	Industri	Kunst	Immateriell kulturarv
250 000 kr til utstilling MF Folgefonn, Hardanger og Voss museum	150 000 kr til NVIM til styrking av tematisk ansvarsmuseum	100 000 kr til KODE, forvaltning kunstnarheimar	300 000 kr til prosjekt Hardingfelesenter, Hardanger og Voss museum
75 000 kr til utstillinga «Øygarden i 50», Museum Vest	100 000 kr til NVIM til skiltprosjekt, smelteverket	500 000 kr til basisutstilling, KODE	50 000 kr til Museumssenteret i Hordaland, avd. Osterøy museum sitt arbeid med immateriell kulturarv
200 000 kr til utstillinga «Båtar og skip i Sunnhordland – tradisjon og nytenking», Sunnhordland museum	50 000 kr til Sunnhordland museum sitt ansvar for maritim industrihistorie	200 000 kr til tematisk ansvarsmuseum, KODE	100 000 kr til utstilling om sjømannskyrkja, Bergens Sjøfartsmuseum
50 000 kr til Bergens Sjøfartsmuseum til formidlingstiltak Musea i samfunnet	200 000 kr til Sunnhordland museum sin dokumentasjon av maritim industrihistorie 30 000 kr til formidling av Odda og Tyssedal	100 000 kr til Olav H. Hauge-senteret, forvaltning av kunstnarheimar	

Oversikten under viser fordeling av ordinære museumsplanmidlar på institusjon kvart år 2012-2015¹

Institusjon	2012	2013	2014	2015
Baroniet Rosendal	-	50 000	150 000	-
Bergens Sjøfartsmuseum	-	153 000	50 000	-
Bymuseet i Bergen	100 000	298 500	271 500	50 000
KODE-Kunstmuseene i Bergen	200 000	248 500	171 500	50 000
Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum	100 000	150 000	120 000	50 000
Hardanger og Voss museum	200 000	450 000	150 000	-
Sunnhordland museum	325 000	100 000	102 000	200 000
Olav H. Hauge-senteret			100 000	50 000
Museumssenteret i Hordaland	900 000	350 000	675 000	950 000
Museum Vest	175 000	200 000	310 000	250 000
Totalt per år	2 000 000	2 000 000	2 100 000	1 600 000²

Det er vanskeleg å nytte oversikten over til å si noko om kor mykje det einskilde museum har fått tildelt til egne prosjekt. Årsaka til dette er at mange av løyvingane har karakter av fellestiltak. Muse-

¹ Ekstraløyvinga til utstillingar, 2 mill. kr er ikkje med i denne oversikten. Dette var midlar som gjekk til tiltak i den einskilde institusjon, medan dei ordinære museumsplanmidlane i tabellen over i stor grad har gått til fellesprosjekt/felles satsingar.

² Restbeløpet er 400 000 til evaluering av museumsreformen som skal ut utføres eksternt.

umssenteret i Hordaland har Bevaringstenestene - fellestenestene for musea i Hordaland innan konservering og fellesmagasin, som ei avdeling. Løyvingane til samlingsforvaltning og insektsaneringsutstyr har såleis gått til Museumssenteret, men er tenester som alle musea i Hordaland får nytte av. Løyvinga til Museumssenteret i Hordaland omfattar difor i all hovudsak slike fellestiltak.

Kjerneområde Fornyng

Musea i Hordaland har store økonomiske utfordringar både når det gjeld drift og investeringar. Det er avgjerande at situasjonen vert vesentleg betra i planperioden. Ei prioritering av auka driftsmidlar er ein føresetnad for at musea kan utføre samfunnsoppdraget. Auka fokus på samfunnet ikring vil også synleggjere musea si verksemd og såleis auke publikumstalet og eigeninntekter.

Økonomi

Delmål Musea skal ha ein økonomi som set dei i stand til å kunne utføre sitt samfunnsoppdrag

Tiltak	Status
<p>1 Finansiering – drift og investeringar</p> <ul style="list-style-type: none"> Indeksregulert justering i budsjetta Samla auke i driftstilskot frå HFK til dei konsoliderte musea frå 2012 til 2015 på 5 549 000 kr. Inga auke frå 2015 til 2016. Frå 2014 er Olav H. Hauge-senteret ein del av dei konsoliderte musea og på museumsbudsjettet frå 2015 med 711 000 kr 3,8 mill. kr av museumsplanmidlane 	<p>Dette er eit prioritert tiltak, og er ført vidare i Kulturplanen, Innsatsområde 16 Museumsløft.</p> <p>Til saman 3,8 mill kr, fordelt som:</p> <p><i>Sikringstiltak (klima, tjuveri og brann) 984 325 kr</i></p> <p><i>Utstillingar 2 150 000 kr</i></p> <p><i>Inventar/bygg 465 675 kr</i></p> <p><i>Museumsløft – kartlegging 200 000 kr</i></p> <p>Prosjektet Museumsløft - Utgreiing om bygnings-situasjonen ved musea vart presentert for museumsleiarane, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune på museumsleiar møtet 23. februar 2016. Prosjektet vart også presentert for Utval for Kultur, idrett- og regional utvikling i møte med musea i Bergen 13. april 2016.</p>
<p>2 Kulturelt utviklingsprogram</p>	<p>KUP er ei viktig ordning for større programsatsingar som gjer det mogleg å søkje midlar for museumsprosjekt. Nynorsk kultursentrum etablering av basisutstilling på Olav H. Hauge-senteret med 850 000 kr. 2011-2013 frå KUP. Samarbeidet med filmaktørar og museum gjennom satsinga Kjøl har ført til mange gode museumsprosjekt, mellom anna i basisutstillinga i Norges Fiskerimuseum. Ei samla oversikt over tilskot til musea frå denne ordninga vert ein del av det arbeidet som Kultur- og idrettsavdelinga skal gjere i datainnsamlinga.</p>

Organisasjon

Delmål Musea skal utviklast som solide organisasjonar slik at dei best mogleg kan utføre sitt samfunnsoppdrag

Tiltak	Status
3 Museumsstrukturen - Vurdering av vidare konsolideringar <ul style="list-style-type: none">• 400 000 kr til evaluering av museumsreforma	<p>Sak om konsolidering Bjørn West-museet og Museum Vest vart handsama i fylkestinget, PS 65/2015. Her vart det ei positiv innstilling til konsolideringa, og i fylkesrådmannen sitt budsjettforslag vart det vist til handlingsprogrammet for museumsplanen for 2016 for fylkeskommunal løyving til konsolideringa (Fylkestinget PS 11/2016). Konsolideringa vil krevje ei auke i driftstilskotet til Museum Vest.</p> <p>Masfjorden kommune, stiftinga Bjørn West-museet og stiftinga Museum Vest har i museumsplanperioden arbeida målbevisst for ei konsolidering. Det er løyvd museumsplanmidlar til denne prosessen (høyrer inn under tiltak 5). Det ligg føre utgreiing.</p> <p>Innhaldet i ei evaluering av museumsreforma for Hordaland vart handsama i Utval for Kultur, idrett og regional utvikling i PS 180/2015. Dokument for anbudsutlysing er utarbeida. Resultat vert presentert for Fylkestinget i 2017.</p>
Tiltak 4 Museum utanom dei konsoliderte musea-samarbeidsordningar	<p>Hardanger og Voss museum, fekk i 2013 50 000 kroner av museumsplanmidlane til utgreiing om Dagestad folkemuseum (høyrer inn under tiltak 5). Det ligg føre utgreiing. Hausten 2015 vart saka lagt fram for Hordaland fylkeskommune, sjå sak PS 128/2015, Utval for kultur, idrett og regional utvikling.</p>

Regional og fagleg rollefordeling

Delmål Museumspolitikken skal forankrast i regionale tilhøve. Gjennom styrking av regionale ansvarsmuseum og tydeleggjering av den regionale rolla, skal alle museumsverksemder i Hordaland få eit fagmiljø å halde seg til. Som ein del av dette, må det skje ei formalisering og styrking av det kommunale engasjementet på museumsområdet

Tiltak	Status
5 Styrking av regionale ansvarsmuseum Dette er eit prioritert tiltak, ført vidare i Kulturplanen <ul style="list-style-type: none">• 675 000 kr av museumsplanmidlane	<p>Sunnhordland museum fekk 200 000 kr av museumsplanmidlar 2015 til dokumentasjon av maritim industrihistorie i Sunnhordland. Resultatet ble presentert i Samlingsplan for musea 2015-2020, sjå PS 181/2015, utval for kultur, idrett og regional utvikling, 11. november 2015. Dette er ei oppfølging av tidligare løyving på 75 000 kr til arbeidet med maritim industrihistorie, og det ligg no føre planar for Sunnhordland maritime museum. Sunnhordland museum har også fått 25 000 kr til arbeidet med Litlabø gruver.</p> <p>Museum Vest og Museumssenteret i Hordaland har fått museumsplanmidlar til utgreiing av modell for regionalt ansvarsmuseum, 150 000 kr til Museum Vest til utgreiing Espeland fangeleir (2014) som oppfølging av 25 000 kr til same tema i 2012, 100 000 kr til Museums-senteret i Hordaland (2014). Museum Vest har utarbeida rapport om Espeland med fokus</p>

	<p>mellom anna på formidling. Denne må oppdaterast på bakgrunn av utviklinga dei siste to åra, også fordi Bjørn West-museet er ein del av Museum Vest sitt formidlingstilbod. Dei to musea fekk 50 000 kr til utgreiing om Bjørn Vest-museet (2014). Utgreiing ligg føre. 50 000 kr til Hardanger og Voss museum utgreiing om Dagestadmuseet. Rapport ligg føre.</p>
6 Ivaretaking av frivillig sektor	<p>Arbeidet med kartlegging av samlingane i Nordhordland er utført og presentert som samandrag i ein rapport i Samlingsplan for musea 2015-2020, sjå sak PS 181/2015, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, møte 11. nov. 2015.</p>
7. Styrking av Hordaland fylkeskommune si rolle overfor musea	<p>I november 2012 vart spesialrådgjevar tilsett i HFK med museum som arbeidsområde.</p>

Delmål Faglege ansvarsmuseum skal ha klart definerte roller i museumslandskapet

Tiltak	Status
<p>8 Styrking av tematisk ansvarsmuseum</p> <p>Dette er eit prioritert tiltak, ført vidare i kulturplanen.</p> <ul style="list-style-type: none"> • 500 000 kr av museumsplanmidlane 	<p>Dei tematiske ansvarsmusea Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum, Baroniet Rosendal og KODE – Kunstmuseene i Bergen har fått museumsplanmidlar til utgreiing om si rolle. Løyvingane er gjennomført. Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum har gjennomført utgreiing i rapportsform og den er eit viktig strategisk dokument for museet.</p>
<p>9 Klargjering av Bergen Museum si regionale rolle</p> <ul style="list-style-type: none"> • Universitetsmuseet i Bergen er statleg med mange fagfelt, både kultur- og naturhistoriske. Med si forankring i Universitetet i Bergen er museet ein viktig ressurs i styrking av forskingsrelaterte aktivitetar ved dei konsoliderte musea. • Det er ikkje gitt museumsplanmidlar til dette tiltaket. 	<p>Det er etablert eit pilotprosjekt der Fjell kommune får stille ut materiale som høyrer til Universitetsmuseet. Den første utstillinga er planlagt våren 2016. Hordaland fylkeskommune er ein samarbeidspart.</p>

Nasjonalt og internasjonalt samarbeid

Delmål Det skal stimulerast til samarbeid og nye tiltak som kan styrkje dagens museumsarbeid nasjonalt og internasjonalt

Tiltak	Status
10 Museum får ansvar for formidling av verdsarv <ul style="list-style-type: none">• Bymuseet og Museum Vest har ansvar for formidling av verdsarvstaden Bryggen.• 100 000 kr av museumsplanmidlane	<p>Bymuseet i Bergen og Museum Vest har også fått prosjektstøtte frå HFK til digitalformidling og ordinær formidling samt utgreiing av rolla som verdsarvsenter. Prosjekta skal følgjast opp 24. mai med møte mellom aktørane for status.</p> <p>Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum, Bymuseet i Bergen og Museum Vest har i tillegg fått til saman 100 000 kr av museumsplanmidlar til dette tiltaket. Midlane er mellom anna nytta til planlegging av nordisk verdsarvkonferanse som var i Bergen hausten 2015 der musea hadde ei viktig rolle og formidling var eit viktig tema. Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum har vidareutvikla formidlinga på Smelteverkstomta.</p>
11 Vidareutvikling av økonomuseum (Economusé) <ul style="list-style-type: none">• Det er ikkje løyvd museumsplanmidlar til dette tiltaket.	<p>Ingen initiativ frå fylkeskommunen for å inkludere dei konsoliderte musea.</p>
12 Stimulere musea til å ta del i internasjonalt arbeid <ul style="list-style-type: none">• Hordaland fylkeskommune skal ha eit aktivt internasjonalt engasjement. Musea har ein viktig rolle i det internasjonale arbeidet.• Det er ikkje løyvd museumsplanmidlar til dette tiltaket.	<p>Museumssenteret i Hordaland har samarbeid med Frankrike om utstillinga Meeting Point Wood. 1. mai 2015 opna utstillinga på Hordamuseet. Museum Vest har samarbeidspartnar i Basse-Normandie. Dei arbeider med utstilling og workshop/nettverk knytt til Atlanterhavsveggen. Bymuseet i Bergen fekk støtte til studiereise til Orknøyane i 2015 som ein moglegheit for å oppretthalde etablerte nettverk/samarbeidspartnarar. Ein viser også til konferansen i Bergen hausten 2014 i regi av HFK og samarbeidspartar frå Skotland om mulige prosjekt mellom institusjonar i Hordaland og Skotland. Musea presenterte aktuelle tema.</p>
13 Etablering av nettverk for mellomalderklostra og pilegrims-kyrkjene på Vestlandet <ul style="list-style-type: none">• 25 000 kr av museumsplanmidlane	<p>Sunnhordland museum er med i nettverk med årlege møtepunkt. Ein samarbeider og om utvikling av app.</p>

Kjerneområde Forvaltning

Fokus på samlingane må aukast. Det må skje ei sterkare prioritering av arbeidet med den immaterielle kulturarven og samtidsdokumentasjon. Musea i Hordaland skal vere i fremste rekke nasjonalt på det digitale området. Ei viktig fellessatsing er Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland. Denne satsinga må halde fram. Tre gjenstandsgrupper fell utanom: større gjenstandar, fotografi, kunst i kategorien maleri og grafikk/papir.

Sikring og bevaring av samlingar og kulturminne

Delmål Musea skal styrkast i arbeidet med kulturminnevern, bygningsvern og fartøyvern.

Tiltak	Status
14 Utvikling av kulturminnevern, bygningsvern og fartøyvern <ul style="list-style-type: none">• Dette er eit prioritert tiltak• Av 33 kommunar i Hordaland er det berre Bergen som ha eiga kulturminneavdeling (Byantikvaren). Mangel på kulturminnestillingar i kommunane gjev eit sårbart kulturminnevern på lokalt nivå. Ordninga med bygningsvernkonsulentar skal byggjast ut, slik at alle kommunar får tilgang til same teneste.	<p>Gjennom budsjettposten <i>museumssamarbeid med kommunane</i> er det årleg løyvd 600 000 kr til ordninga med bygningsvernkonsulentar ved dei regionale ansvarsmusea. Dei to siste stillingane innan ordninga er ved Sunnhordland museum og Museum Vest. Det har vist seg at prosessen med innhald, organisering og finansiering tek lengre tid enn det som var planlagt. Dei fyrste stillingane vart etablert tidleg på 2000-talet – slik at innhald, organisering og finansiering skil seg dei nyare stillingane. Før prosess med nye faste stillingar tek til, vil ein sjå på heilskapen i ordninga for å få dei samanliknbare og tilpassast nye utfordringar og behov i kommunar og museum.</p> <p>Bygningsvernkonsulentane ved musea har ei særskild viktig rolle i prosjektet <i>Kulturminneplanar i kommunane (KIK)</i></p>

Delmål Musea sine samlingar skal sikrast og bevarast best mogleg og gjerast tilgjengeleg for publikum og forskning

Tiltak	Status
15 Utviding og utvikling av Bevaringstenestene	Tiltaket er i handlingsprogrammet for 2014 slått saman med tiltak 32.
16 Utgreiing av nye fellestener for bevaring og konservering av større gjenstandar	Tiltaket er i handlingsprogrammet for 2015 slått saman med tiltak 32.
17 Utgreiing av nye fellestener for fotografi <ul style="list-style-type: none">• 150 000 kr av museumsplanmidlane	Innhald i løyvinga og hovudretning i utgreiinga vart gjort greie for i sak PS 171/2015 i Utval for kultur, idrett og regional utvikling, 11. nov. 2015. Bevaringstenestene, Museumssenteret i Hordaland, har ansvar for koordinering og gjennomføring av tiltaket. Arbeid er i gang.
18 Nye fellestener for konservering av biletkunst og skulptur	KODE - Kunstmuseene er i prosess med Museumssenteret i Hordaland, Bevaringstenestene, for å avklare behov og kva rolle Bevaringstenestene kan ta/ha. Som ei oppfølging av denne prosessen vil det vere naturleg at ein ser meir heilskapleg på Bevaringstenestene – utvikling og oppgåver.
19 Nye fellestener for konservering av papir, digitalisering og bevaring av elektroniske data og elektronisk skapte arkiv <ul style="list-style-type: none">• Bergen Byarkiv får ansvar for å yte regionale fellestener innanfor konservering av papir-	Dette er ikkje eit prioritert tiltak i museumsplanen. Musea har hatt møte der slike tenester er diskutert.

<p>kunst, bøker og dokument</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er ikkje løyvd museumsplanmidlar til tiltaket 	
<p>21 Registrering og formidling av arkiv</p> <ul style="list-style-type: none"> • Alle musea må få tilgang til å registrere samlingane online i programvara ASTA. • Det er ikkje løyvd museumsplanmidlar til tiltaket 	<p>Dette er ikkje eit prioritert tiltak i museumsplanen og ein har ikkje gjennomført aktivitetar med utgangspunkt i museumsplanmidlar.</p>
<p>22 Ordning og registrering av museumsbiblioteka</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er ikkje løyvd museumsplanmidlar til tiltaket 	<p>Dette er ikkje eit prioritert tiltak i museumsplanen. Det er ikkje gjennomført aktivitetar knytt opp mot museumsplanmidlar i planperioden.</p>
<p>23 Forvaltning av kunstnarheimar</p> <ul style="list-style-type: none"> • KODE og Olav H. Hauge-senteret har fått midlar til gjennomføring av tiltak som vil falle inn under dette tiltaket. • 200 000 kr av museumsplanmidlane 	<p>KODE – kunstmuseene i Bergen og Olav H. Hauge-senteret har fått 100 000 kr av museumsplanmidlar kvar til gjennomføring av eit prosjekt om forvaltning av kunstnarheimar. Prosjektet er i gong, HFK er orientert om status. Prosjektet må også sjåast i samanheng med KODE si oppgave som tematisk ansvarsmuseum (tiltak 8 og 18).</p>
<p>24 Sorenskrivargarden på Hesthamar</p> <ul style="list-style-type: none"> • 100 000 kr av museumsplanmidlane 	<p>Hardanger og Voss museum har fått løyving til utføring/organisering av restaureringsarbeid. Ullensvang herad har også gitt ei løyving. HFK var på synfaring før tiltak vart gjennomført. Istandsetjinga av sorenskrivargarden er eit omfattande prosjekt. Ein er ikkje oppdatert på status i saka.</p>
<p>25 Oppretting av eit nasjonalt jordskiftesenter</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er ikkje løyvd museumsplanmidlar til tiltaket 	<p>Tiltaket vart tatt ut i samband med handlingsprogrammet for 2014. Tiltaket har ikkje vore prioritert frå Hardanger og Voss museum og Hordaland fylkeskommune i planperioden.</p>
<p>26 Kulturlandskap</p> <ul style="list-style-type: none"> • Baroniet Rosendal, Museumssenteret i Hordaland, Hardanger og Voss museum arbeider med kulturlandskap som vesentleg del av museumsverksemda. Kulturlandskapet skal reknast til musea sine samlingar på line med bygningar og gjenstandar • Sjå løyving under tiltak 32 	<p>Kulturlandskap har hatt fokus i Samlingsplan for musea 2015-2020, sjå sak 181/2015 i Utval for kultur, idrett og regional utvikling, 11. nov. 2015.</p> <p>Dette er eit område som Baroniet Rosendal kan spele ei viktig rolle i høve dei andre aktuelle musea.</p>

Samfunnet og samlingane

Delmål Forvaltninga av samlingane knytt til krigs-, okkupasjons og forsvarshistorie skal styrkast, saman med auka forskning og formidling innan fagfeltet

Tiltak	Status
27 Krigs- okkupasjons og forsvarshistorie <ul style="list-style-type: none">Museum Vest har temaet krigs-, okkupasjons- og forsvarshistorie som ei av sine hovudoppgåver. Dei oppgåvene museet har innan dette feltet krev eit økonomisk løft.300 000 kr	<p>Museum Vest sitt ansvarsområde er styrka i 2015 gjennom samarbeidsavtalen om Bjørn West-museet. Sjå politisk handsamling i fylkestinget, sak PS 65/2015. I fordeling av museumsplanmidlane for 2016 gjekk 200 000 kr av museumsplanmidlane til denne konsolideringa, sjå Fylkestinget sak PS 11/2016.</p> <p>Museum Vest har fått kr. 300 000 til formidlingstiltak i samsvar med innhaldet i museumsplanen om løft til ansvarsoppgåva.</p> <p>Museum Vest sitt samarbeid med institusjon i Basse Normandie er med på å styrkje dette temaet – og så i regional og nasjonal samanheng.</p>
28 Samtidsdokumentasjon og nyare historie <ul style="list-style-type: none">Samfunnsdokumentasjon og fokus på nyare historie er ein del av samfunnsoppdragetDet er ikkje løyvd museumsplanmidlar til dette tiltaket	<p>Arbeidet med Samlingsplan for musea 2015-2020 viser at midlar til dokumentasjonsprosjekt er viktig for å sikre kulturarven vår. Slike prosjekt kjem gjerne opp når bedrifter/næringar er i omstilling. I Fylkestinget si handsaming av sak PS 11/2016 vart 100 000 kr løyvd til slike dokumentasjonsprosjekt gjennom Samlingsrådet av museumsplanmidlar.</p> <p>Sunnhordland museum har gjennomført dokumentasjon knytt til maritim industrihistorie, sjå Samlingsplan for musea 2015-2020, sak 181/2015 .</p>

Delmål Samlingane skal rykkja nærmare publikum

Tiltak	Status
29 Utlån/deponi til kommunane <ul style="list-style-type: none">Ein vesentleg del av gjenstandssamlingane ved Universitetsmuseet i Bergen er henta frå Hordaland. Det vil vere av interesse at gjenstandane kan lånast ut eller deponerast. Regionmusea kan vere ein kanal for slik praksis.Det er ikkje løyvd museumsplanmidlar til dette tiltaket	Sjå kommentar under tiltak 9.
30 Digitalt museum og interaktiv kommunikasjon med publikum <ul style="list-style-type: none">Musea i Hordaland bør vere i fremste rekkje nasjonalt innan det digitale området og ta initiativ til	<p>Bevaringstenestene skal framleis samordne arbeidet med Primus.</p> <p>Utvikling av digital formidling, til dømes formidlinga av Bryggen, sjå tiltak 10.</p> <p>Alle dei konsoliderte musea har fått 50 000 kr</p>

<p>og utvikle prosjekt som kan få støtte til nasjonale midlar.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er løyvd 500 000 kr til dette tiltaket 	<p>kvar til dette tiltaket, som må sjåast i samanheng med arbeidet med samlingane. Gjennom innhenting av statistikk/data som vil starte opp i 2016 vil det vere mogleg å synleggjere dette tiltaket betre og korleis musea arbeider for å styrke kommunikasjon med publikum.</p>
<p>31 Utgreiing av nye fellestener for IKT</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er ikkje løyvd museumsplanmidlar til dette tiltaket 	<p>Tiltaket vart tatt ut av handlingsprogrammet i 2014. Det høyrer til under Museumsløft i Kulturplanen og vert ei satsing framover.</p>

Koordinering og prioritering av samlingane

Delmål Samlingsforvaltninga ved musea i Hordaland må koordinerast, og som ein del av dette må det skje ei prioritering av samlingane

Tiltak	Status
<p>32 Felles plan for samlingsforvaltninga</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dette er eit prioritert tiltak, ført vidare i Kulturplanen. • Tiltaket omfattar også utvikling og utviding av Bevaringstenestene • Det er løyvd til saman 2,5 mill. kr til tiltaket. 	<p>Samplingsplan for musea i Hordaland 2015-2020 vart handsama av Utval for kultur-, idrett og regional utvikling i sak 181/2015. Planen representerer første fase i eit samla, målretta arbeid med samlingane i Hordaland.</p> <p>Til planarbeidet er det sett av 850 000 kr. Av desse er 100 000 knytt til arbeidet med nytt fellesmagasin og 250 000 kr til kartlegging av samlingane i Nordhordland. Til varmekammer er det løyvd 1 650 000 kr. Dette var ikkje nok til fullfinansiering av kammeret. Museumssenteret i Hordaland har i fleire år søkt Kulturrådet om restfinansiering og har godt håp om at slik løyving kjem i år. Alternativt vil ein vurdere andre varmekammer-løysingar enn gjennom Thermo-lignum.</p>

Kjerneområde Forsking og kunnskapsutvikling

Rollefordeling og planlegging innan forskning og kunnskapsutvikling

Delmål Musea skal styrkjast innan forskning og kunnskapsutvikling, og må ha planverktøy som definerer arbeidet

Tiltak	Status
<p>33 Plan for forskning og kunnskapsutvikling</p> <ul style="list-style-type: none"> • Sjå løyving under tiltak 34. 	<p>Det vart slått saman med tiltak 34 i handlingsprogrammet for 2014.</p>
<p>34 Forskingssamarbeid mellom UiB og dei konsoliderte musea</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dette er eit prioritert tiltak • 50 000 kr av museumsplanmidlar. 	<p>Representantar frå Kultur- og Idrettsavdelinga deltok i arbeidsgruppa for regional forskingsstrategi 2015-2019.</p> <p>Ein må sjå kva moglegheiter som ligg i det regionale forskingsfondet. Oppretting av fagleg råd i samarbeid med Universitetet i Bergen er ikkje gjennomført. Ein viser til samarbeidet om masterstudiet for museumstilsette og elles</p>

	samarbeid mellom institusjonar.
35 Master- og doktorgradsstipend for bruk i musea <ul style="list-style-type: none"> Tiltaket er ikkje prioritert. Det er ikkje løyvd museumsplanmidlar til tiltaket 	Ingen tiltak i planperioden

Immateriell kulturarv

Delmål Forsking, kunnskapsutvikling og formidling innan immateriell kulturarv skal prioriterast

Tiltak	Status
36 Etablering av Hardingfelesenter <ul style="list-style-type: none"> Dette er eit prioritert tiltak 300 000 kr av museumsplanmidlane. 	<p>Hordaland har eit ansvar for den sentrale rolla Hardanger har innan Hardingfeletradisjonen som såleis er viktig del av regionen sin immaterielle kulturarv.</p> <p>Saka om hardingfela.no vart handsama i Utval for kultur, idrett og regional utvikling våren 2015, sak PS 116/2015.</p>
37 Kompetanseheving innan immateriell kunnskap <ul style="list-style-type: none"> Tiltaket har nasjonal prioritet gjennom Kulturrådet. Hordaland vil kunne vere eit fagleg sentrum for immateriell kulturarv. Det er behov for å styrkje kompetansen innan feltet, også i frivillig sektor og offentlig forvaltning. 50 000 kr av museumsplanmidlane 	<p>Bygningsvernssenteret på Voss har fått midlar frå Kulturelt Utviklingsprogram (KUP). Dette er eit tiltak som fell inn under immateriell kulturarv.</p> <p>Utstillinga Meeting Point Wood med workshop på Hordamuseet våren 2015 er også eit bidrag til immateriell kunnskap.</p> <p>Hausten 2014 arrangerte Museumssenteret i Hordaland, avd. Osterøy museum dagseminar med fokus på tekstilarven og korleis ein kan arbeide på tvers av institusjonar.</p>
38 Mangfaldsperspektivet <ul style="list-style-type: none"> Norsk Kulturråd har mangfaldsperspektivet som eit prioritert tema. Det er nasjonal politikk at musea skal ha ei særleg oppgåve i dokumentasjon og innsamling relatert til innvandring. Ikkje løyving frå museumsplanmidlane 	<p>Tiltaket har ikkje fått særskilt løyving i museumsplanperioden. Det har ikkje vore eitt av ni prioriterte tema i museumsplanen.</p> <p>Dette er eit tema som musea må prioritere uavhengig av museumsplanløyvingar, men ein ser godt behovet for at satsingar vert løfta fram av HFK, kommunar og musea i samarbeid.</p>

Kjerneområde Formidling

Musea skal generere og formidle kunnskap, samstundes som dei skal overraske og utfordre både emosjonelt og intellektuelt. Utviklinga i digital informasjonsteknologi har skapt ei ny verkelegheit som musea i større grad må ta del i.

Formidling av kunnskap og opplevingar

Delmål Musea skal nå publikum med kunnskap og oppleving og vera tilgjengelege for alle

Tiltak	status
39 Styrking av digital formidling <ul style="list-style-type: none"> Tiltaket har samanheng 	Viser til kommentarar under tiltak 30. Det er behov for gode data for å synleggjere utvikling

med at det må skje ei radikal utvikling på området digital formidling. Nettbasert formidling høyrer saman med satsinga på digitalisering av samlingane	og satsingar innan feltet.
40 Prosjekttilskot til basisutstillingar	Det har ikkje vore økonomisk grunnlag for ei permanent tilskotsordning til basisutstillingar.
<ul style="list-style-type: none"> Tiltaket inneber at musea bør prøve ut nye formidlingsformer. Kompetansen på utstillingsdesign må styrkjast. Det er eit generelt behov for å styrkje basisutstillingane. Dette er ei kritisk faktor i arbeidet med å skape aktuelle museum 	<p>Gjennom eingongsløyving frå Fylkestinget fekk musea 2 mill. kr til utstillingar i 2013. I tillegg er det løyvd 150 000 kr av museumsplanmidlar til basisutstillinga på Norges Fiskerimuseum som opna 1. juni 2015.</p> <p>Fleire museum arbeider med nye basisutstillingar slik som KODE – Kunstmuseene i Bergen og Bymuseet i Bergen. I prosjektet "Museumsløft" vert investeringsbehova synleggjort. Rapport frå "Museumsløft" vert lagt fram til politisk handsaming når den er ferdigstilt. Ein viser også til orientering om museumstiltak og museumsløft som vart gitt til Utval for Kultur, idrett og regional utvikling på møtet 13. april.</p>
Tiltak 41 Universell utforming	Det har ikkje vore særlege prosjekt med fokus på universell utforming av museumsplanmidlar.
<ul style="list-style-type: none"> Universell utforming er eit krav i retningslinene til dei ulike tilskotsordningane på Kultur- og idrettsavdelinga. Ikkje museumsplanmidlar til dette tiltaket 	<p>Krav om universell utforming kjem fram i dei regionale tilskotsordningane.</p>

Musea i samfunnsdebatten

Delmål Musea skal vera aktuelle og ta ei aktiv rolle i samfunnsdebatten

Tiltak	Status
42 Musea i samfunnsdebatten	Arbeidet med Samlingsplanen er eit døme på at musea stiller spørsmål om samlingane dei har i dag. Kva for gjenstandar representerer vår samtid? Kva kan vi gjere med gjenstandane i samlingane våre? Samlingsforvaltning har vore eit tema i media. Museumskoordinator i HFK opna utstilling om samlingsforvaltning på Hordamuseet hausten 2014.
<ul style="list-style-type: none"> Dette er eit prioritert tiltak og viser hovudmålet i Hordaland fylkeskommune sin museumspolitik. Musea skal vere synlege samfunnsaktørar 250 000 kr av museumsplanmidlane 	<p>Hordaland fylkeskommune var økonomisk bidragsyter til utstilling om bybrannen i Bergen i 1916 ved Bymuseet i Bergen - markert 15. januar i år som eit stort publikumsarrangement. Bymuseet har fått museumsplanmidlar til arbeidet med offentlege tenester gjennom Lepramuseet og Skolemuseet, totalt 200 000 kr. I budsjettsøknader til HFK er det gjort greie for arbeidet med helse- og skuletenester i Bymuseet. Bergens Sjøfartsmuseum fekk 50 000 kr. av museumsplanmidlane i 2014 til formidlingstiltak der folk var – blant anna ma-</p>

	rinarkeologisk utstilling.
43 Fellestenester for publi- kumsutvikling <ul style="list-style-type: none"> • Ikkje løyvd museums- planmidlar til tiltaket 	<p>Tiltaket var ikkje prioritert med museums- planmidlar i planperioden, og vart tatt ut av handlingsprogrammet i 2014.</p> <p>Tiltaket vert å kome attende til i den nye plan- perioden.</p>
44 Medverknad ved store jubileum <ul style="list-style-type: none"> • Musea i Hordaland bør vere aktive i planlegging av prosjekt i tilknytning til større jubileum. • 100 000 kr av museums- planmidlane 	<p>Ein viser til tiltak 42, markering av bybrannen i Bergen. Hardanger og Voss museum hadde fleire tiltak i samband med 2014 – markering av 1814, og fekk 100 000 kr av museums- planmidlane til oppfølging av desse prosjekta.</p> <p>Hordaland fylkeskommune koordinerte Stem- merettsjubileet i 2013 og Grunnlovsjubileet 2014. Musea var invitert til å delta på møte og med prosjekt. Kor mange arrangement musea hadde i tilknytning til desse jubilea, er ikkje kartlagt. Dette kan vere noko av det ein etter- spør i datainnsamlinga som skal skje frå Kul- tur- og idrettsavdelinga si side i 2016.</p>

Målretta formidling

Delmål Musea skal ha målretta formidlingstiltak og tilrettelegging for ulike grupper, med vekt på born og unge

Tiltak	Status
45 Den kulturelle skulesek- ken <ul style="list-style-type: none"> • Born og unge er ei viktig målgruppe for musea. Den kulturelle skulesek- ken er sentral i denne samanheng. • Ikkje løyvd museums- planmidlar til dette tilta- ket 	<p>Det er oppretta ei faggruppe for formidling i musea i den kulturelle skulesekken.</p> <p>Tiltaket vert ført vidare i Kulturplanen.</p> <p>Fagkoordinator for den kulturelle skulesekken i Hordaland deltok på årsmøte i Hordaland museums- slag i 2015 med presentasjon av ordninga.</p> <p>Representantar frå Kultur- og idrettsavdelinga presenterte den kulturelle skulesekken på museumsleiarmøtet i februar 2016.</p> <p>Satsing opp mot skuleverket vert understreka i Kulturplanen</p>
46 Musea og reiselivet <ul style="list-style-type: none"> • Musea skal vere aktive aktørar i reiselivet. Mu- sea og reiselivsfeltet må saman utgreie musea som attraksjon og reise- livsmål. Fleire museum har opplegg som er retta mot reiselivet • Det er ikkje løyvd muse- umspanmidlar til dette tiltaket 	<p>Hordaland fylkeskommune støttar fleire reise- livsprosjekt der musea ar aktive: Reiseliv i industriens vogge, Den kulturelle fjorden.</p>